



Kattar skal klappast

«Ikkje gløym å klappe katten» er ei avansert og elegant bok, skriv Atle Christiansen.

Det er ei ganske brutal verd vi møter i boka «Ikkje gløym å klappe katten», skriven av Rønnaug Kleiva og teikna av Inger Lise Belsvik. Her møter vi ei verd der mangel på språk og kommunikasjon kan seiast å utgjere den grunnleggjande konflikten. Hovudpersonen i boka prøver å kommunisere gjennom handlingar som går langt over streken for kva som er korrekt oppførsel, men vi forstår henne. Ein ny livssituasjon har gjort henne fortvilt, ho føler seg til overs og utafor.



Rønnaug Kleiva og Inger Lise Belsvik:

Ikkje gløym å klappe katten
Samlaget

ten av boka. Kanskje har ho erkjent dei erfaringane ho har vore gjennom også?

Avansert og krevjande

Boka er delt opp i korte episodar. Kvar einaste bokside eller episode inneheld eit opptrinn der hovudpersonen kjem på kant med omgivnadene sine. Dei ulike scenene sluttar gjerne med at hovudpersonen forlet arenaen og etterlet dei andre irriterte og urolege. Opptrinna blir avslutta utan forfattarkommentarar som forklarar kva som har skjedd, og dermed blir boka ganske avansert og krevjande. Den eine episoden tar ikkje den førre episoden vidare. Dei ulike episodane er sjølvstendige situasjonar som underbyggjer kjensla til hovudpersonen, og som på ulike måtar viser korleis hovudpersonen er på kant med dei ho har rundt seg. Boka dveler ikkje ved ein situasjon, men presenterer mange. Dermed må lesaren på ein måte omstille seg til nye konflikter på kvar side. Boka viser fram meir enn ho

fortel. Ei rekkje med situasjonar rissar opp den eksistensielle grunnkjensla til hovudpersonen. Ord og bilde i denne boka forklarar ikkje, men viser fram ulike situasjonar. Teikningane i boka kan vere både «stygge» og skremmande. Både tekst og bilde er svært direkte: Vonde og vanskelege hendingar blir ikkje forklarte. Dei blir viste fram utan innleiande presentasjon eller avsluttande forklaring. Boka krev meddiktning og lesanngasjement. Forlaget lanserer boka i kategorien «bøker for mindre barn 5-8 år».

Frigjerande eller åtvarande?

«Ikkje gløym å klappa katten» er ei avansert og elegant bok. Det avanserte er ikkje nødvendigvis vanskeleg, men det er krevjande. Denne boka er ei blanding av ein krise-, oppbrotts- og danningssroman for barn og foreldre. Det er ei kjent sak at den moderne barnlitteraturen ikkje har som mål å oppdra barna, men fortelje dei historier som dei kan forstå seg mot og vekse på. Slik er det også med denne boka. Dette er ei bok som tar lesaren på alvor.

Mistanke: Barnelitteraturen er like mykje skriven for foreldra som for barna? Barnelitteraturen har slutta å oppdra barna, men satsar derimot meir på å oppdra foreldra? Det som er ei gjenkjenneleg og frigjerande forteljing for barnet, er ei gjenkjenneleg og åtvarande forteljing for foreldra?

Alte Christiansen

Danningsroman

«Ikkje gløym å klappe katten» er ei forteljing på 58 sider. Det handlar om Anna som blir storesyster og dei vanskanne denne nye livssituasjonen fører til for den unge jenta. Boka er rik som ein roman og presis som eit dikt. Her er hovudpersonar som står mot einannan. Her er konflikter på det indre planet og uro på det ytre. Boka inneheld replikkvekslingar som gjerne endar i eit opptrinn som aukar spenninga mellom personane. Det er for mykje sagt at hovudpersonen endrar karakter gjennom forteljinga, men likevel går det føre seg ei slags danning gjennom denne «dannelsesromanen». Hovudpersonen forandrar seg kanskje ikkje i løpet av forteljinga, men ho har i det minste gått gjennom noen erfaringar som gjer at ho ikkje står utanfor det samfunnet ho er ein del av ved slut-